



Lovvedtak 83

(2016–2017)

(Første gangs behandling av lovvedtak)

Innst. 299 L (2016–2017), jf. Prop. 82 L (2016–2017)

I Stortingets møte 23. mai 2017 ble det gjort følgende

vedtak til lov

om endringar i veglova og vegtrafikkloven (bompengar i byane)

I

I lov 21. juni 1963 nr. 23 om vegar skal § 27 lyde:

§ 27. Med samtykke frå Stortinget kan departementet *fastsetje* at det skal krevjast bompengar på ofentleg veg, *fastsetje* storleiken på avgiftene, og *setje* vilkår om bestemt bruk av avgiftsmidlane. Bompengane kan nyttast til alle tiltak som denne lova gir heimel for. Dessutan kan dei nyttast til investeringar i faste anlegg og installasjonar for kollektivtrafikk på jernbane, inkludert sporveg og tunnelbane.

Med samtykke frå Stortinget kan departementet fastsetje særskilde ordningar for bompengar i byområde, med takstar som er tilpassa dei særskilde behov i området, ut frå omsyn til transportløysingane i området, bruken av arealet, lokalmiljøet eller liknande. Ut frå behov kan det fastsetjast takstar som er baserte på køyretøya si vekt, påverkar val av reisemiddel, varierer ut frå tida på døgnet, varierer ut frå dei ulike køyretøya sine miljøegenskapar eller liknande. Føresegnene om vilkår og bruk av bompengar i første ledd gjeld tilsvarende. Som del av ein plan om eit heilskapleg og samordna transportsystem i eit byområde, kan bompengar nyttast til tiltak for drift av kollektivtrafikk.

Departementet kan i forskrift fastsetje mellombelse *endra* bompengetakstar til bruk i avgrensa periodar innanfor *eksisterande bompengordningar* i byområde når det er fare for og ved overskriding av grenseverdiane for konsentrasjon av forureining i

luft utandørs fastsett i forskrift med heimel i forurensningsloven § 9. Bruken av takstane føreset vedtak av kommunen og fylkeskommunen. *Inntekter frå dei endra takstane skal gå til å nedbetale dei prosjekta som er prioriterte i bompengordninga det gjeld. Departementet kan i forskrifta likevel fastsetje føresegner om at inntekter frå dei endra takstane kan bli brukt til tiltak for å få ned trafikken i perioden det gjeld.*

Med samtykke frå departementet kan rett til å krevje inn bompengar pantsetjast. Ei slik pantsetjing omfattar den rett pantsetjaren har til den eller dei eigedomane der det ligg eller skal liggja bomstasjon eller til eigedom som har samanheng med drifta av bompengainnkrevinga. Panterett i rett til å krevje inn bompengar får rettvern ved å tinglysast i grunnboka på den eller dei eigedomane som er nemnde i førre punktum. Andre fordringshavarar enn panthavaren har ikkje rett til dekking i retten til å krevje inn bompengar.

Departementet kan i forskrift fastsetje generelle føresegner om takstar etter første og andre ledd og føresegner om plikta til å betale bompengar.

II

I lov 18. juni 1965 nr. 4 om vegtrafikk blir det gjort følgjande endringar:

§ 7a blir oppheva.

III

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset. Kongen kan setje i verk dei einskilde føresegnene til ulik tid.

Olemic Thommessen

president

